



## Møteprotokoll for Radøy eldreråd

**Møtedato:** 10.09.2018  
**Møtested:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 13.00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Norvald Elvik		Utvalseiar
Magnar Klausen		Medlem
Berit Grindheim		Medlem
Torill Helland	AP	Medlem
Laila Seilfaldet Pletten	SP	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Oddbjørg Dragøy		Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Karin Halland		Oddbjørg Dragøy

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kommunalsjef Grete A. Herøy i sak 013, økonomisjef Sveinung Kvamme i sak 014, møtesekretær Arthur Kleiveland

Ordførar Jon Askeland orienterte om status og framdrift i bygginga av Alver kommune.

## Saksliste

Saksnr	Tittel
012/2018	Godkjenning av innkalling og saksliste
013/2018	Godkjenning av møtebok
014/2018	Meldingar og referatsaker
015/2018	Budsjett 2019 - innspel frå eldrerådet
016/2018	Områderegulering Hordabø skule og Bø barnehage - 1. gongs høyring



## 012/2018: Godkjenning av innkalling og saksliste

### Behandling:

Eldrerådet godkjende innkalling og saksliste.

### Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

---

## 013/2018: Godkjenning av møtebok

### Behandling:

Eldrerådet godkjende møtebok frå forrige møte.

### Vedtak:

Møtebok vert godkjend.

---

## 014/2018: Meldingar og referatsaker

### Behandling:

Alver kommune: Ordførar Jon Askeland orienterte om status og framdrift i arbeidet med å bygga Alver kommune. Han kom inn på den interne organiseringa av den nye kommunen, med tre nivå. Han er godt tilfreds med den harmoniske dialogen som er i prosessen fram mot ny kommune, og sa at samarbeidsklimaet både mellom kommunane og mellom administrasjon og politisk er godt, og langt betre enn i mange andre kommunar som er under bygging. Askeland sa seg også godt tilfreds med utkastet til kommunevåpen som no er i ferd med å ta endeleg form. Også medlemmane i eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne gav gode tilbakemeldingar på motivalet - der både bru og båt inngår.

Velferdssenteret: Kommunalsjef Grete A. Herøy orienterte om stoda på Velferdssenteret. Ho peika på at folk ønskjer å bu heime lengst mogleg, og det legg kommunen til rette for, mellom anna ved å styrka heimetenesta. Det har ført til at talet på bebuarar på sjukeheimen er kraftig redusert. Det var i 2018-budsjett lagt opp til eit belegg på 35-38 plassar på Velferdssenteret, men no er det om lag 20 bebuarar. Kommunalsjefen orienterte om at tilsette på Velferdssenteret difor er lånt ut til heimesjukepleia og Omsut og andre einingar i helse og omsorg som treng personale. Ho rosa dei tilsette for stor fleksibilitet.

Omsorgsteknologi: Kommunalsjef Grete A. Herøy opplyste at utfordringa knytt til batterikapasitet på

nye og moderne tryggleiksalarmar no ser ut til å vera retta opp frå leverandøren. Ho sa at ambisjonen er å få utplassert utstyr i løpet av hausten, i første omgang gjennom testing på nokre av brukarane.

Eldrerådet tok meldingar og referatsaker til orientering, med dei tillegg som kom fram i møtet.

Vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

---

015/2018: Budsjett 2019 - innspel frå eldrerådet

Behandling:

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte om økonomiplan 2019-2022, som kommunestyret tidlegare i år har vedteke. Han gjorde merksam på at tala for 2020-22 er "tenkte tal". der ein ser på kva Radøy kommune ville hatt av inntekter og kostnader om me held fram som eigen kommune.

Økonomisjefen sa at fellesnemnda for Alver har lagt føringar for kommunane sitt arbeid med budsjett og økonomiplan. Han peika på at det frå 2020 vil skje endringar med uviss verknad for inntektssystemet. Det gjeld mellom anna innlemming av øyremerka tilskot til ressurskrevjande brukarar, ny distriktsindeks, innlemming av øyremerka tilskot til lætarnorm, og nye kriterier og vekting knytt til tenester inann rus, psykiatri og psykisk utviklingshemma.

Økonomisjefen viste til auka kostnader mellom anna til høgare rente- og avdragsnivå, pedagog- og bemanningsnorm, og auke knytt til ressurskrevjande tenester. Han konstaterte at det vil vera trong for innsparing kvart år frå 2020, totalt om lag 23 mill. i perioden 2020-22 for å ha eit akseptabelt økonomisk resultat, noko som vil tilsvare ca 35 årsverk.

Eldrerådet kjem med følgjande innspel til budsjett for 2019:

Eldrerådet ber om at ein ser på mulegheiten til å nytta romma 151-154 på Velferdssenteret i tilknytning til Dagstova. Dette for å kunne gje eit meir individuelt og variert tilbod på dagavdelinga.

Eldrerådet etterlyser dagtilbod for ulike brukargrupper som ikkje har lovfesta rett til tilbod. *Rådet har inntrykk at det er eit udekka behov for aktivitetar på dagtid, og ber om ei kartlegging. Å sikra dagtilbod for ulike brukargrupper vil vera førebyggjande og gje stor auke i livskvaliteten jfr kommunedelplan for helse, sosial og omsorg 2018-2028.*

Vedtak:

Eldrerådet kjem med følgjande innspel til budsjett for 2019:

Eldrerådet ber om at ein ser på mulegheiten til å nytta romma 151-154 på Velferdssenteret i tilknytning til Dagstova. Dette for å kunne gje eit meir individuelt og variert tilbod på dagavdelinga.

Eldrerådet etterlyser dagtilbod for ulike brukargrupper som ikkje har lovfesta rett til tilbod.

*Rådet har inntrykk at det er eit udekka behov for aktivitetar på dagtid, og ber om ei kartlegging. Å*

*sikra dagtilbod for ulike brukargrupper vil vera førebyggjande og gje stor auke i livskvaliteten jfr kommunedelplan for helse, sosial og omsorg 2018-2028.*

---

016/2018: Områderegulering Hordabø skule og Bø barnehage - 1. gongs høyring

Behandling:

Det vart sett fram følgjande framlegg til vedtak:

Eldrerådet tar Områderegulering Bø skule og barnehage til orientering.

Eldrerådet vedtok framlegg sett fram i møtet.

Vedtak:

Eldrerådet tar Områderegulering Bø skule og barnehage til orientering.

---